

Informasjon om inntak til vidaregåande opplæring med søknadsfrist 1. februar



Innhald

Kven kan søkje om inntak 1. februar?	2
1. Søkjarar med fortrinnsrett	2
A. Søkjarar til eit særskilt utdanningsprogram på Vg1 § 6-15	2
B. Søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne § 6-17 (Vg1)	3
C. Søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk § 6-18	5
D. Fortrinnsrett for søkjarar med vedtak om utvida tid §§ 6-19, 6-32	6
2. Individuell behandling	7
A. Søkjarar til Vg1 som har rett til spesialundervisning og manglar vurdering, § 6-22	7
B. Søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt §§ 6-25 og 6-38	8
C. Søkjarar til Vg2/Vg3 med enkeltvedtak om spesialundervisning eller planlagd grunnkompetanse § 6-35	9
3. Minoritetsspråklege søkjarar	9
Korleis søkje?	11
Sjekkliste: søkjargruppe, papirskjema og vedlegg	12
Søknad om spesialundervisning	13
Kva utdanningsprogram kan ein søkje?	15
Yrkesfaglege utdanningsprogram	15
Studieførebuende utdanningsprogram	15
Oversyn over kva skular som har dei ulike utdanningsprogramma	16
Organisering i mindre grupper skuleåret 2016/2017	18
Nyttig informasjon	19

Kven kan søkje om inntak 1. februar?

Hovudregelen i søknad om inntak til vidaregåande skule er at alle søker på karakterpoeng. Ikkje alle har dei same føresetnadene for å bli tatt inn i den vidaregåande skulen med utgangspunkt i karakterpoeng. Nokre søkerar har fortrinnsrett etter visse vilkår i opplæringslova, og konkurrerer ikkje om plass ut frå oppnådd poengsum. Søklarar kan også bli tatt inn etter individuell behandling dersom dei fyller vilkåra. Søknadsfristen for desse søkjargruppene er *1. februar*.

Vi kan dele søkerar til 1. februar i tre grupper (sjå forskrift til opplæringslova § 6-8):

1. Søklarar med *fortrinnsrett* (gult papirskjema)
2. Søklarar til *individuell behandling* (blått papirskjema)
3. Minoritetsspråklege søkerar

Alle som skal søkje til vidaregåande opplæring med frist 1. februar skal registrere søknaden sin på vigo.no, og i tillegg må søkerar til Vg1 sende papirskjema til Inntakskontoret. Hordaland Fylkeskommune (HFK) har laga papirskjema for dei ulike søkjargruppene. Sjå på tabellane på s. 11 («sjekklister») for ei oversikt over grupper, skjema, og vedlegg.

Alle søkerar må føre opp tre utdanningsprogram i søknaden på vigo og på papirskjema (sjå § 6-9 i forskrifta til opplæringslova). Vi gjer merksam på at søkerar med ungdomsrett har rett til inntak på eitt av tre valde utdanningsprogram, men ikkje til ein bestemt skule. Skuleplassering kan *ikkje* påklagast (sjå forskrift til opplæringslova §6-10).

1. Søklarar med fortrinnsrett

I denne gruppa er det fire søknadskategoriar:

A. Søklarar til eit særskilt utdanningsprogram på Vg1 § 6-15 1

Det er to vilkår som må vere oppfylte for å kunne søkje med denne fortrinnsretten:

- Omfattande behov for spesialundervisning
Når ein skal vurdere behovet skal ein sjå på: innhald, omfang og organisering i spesialundervisninga, og kva type kompetanse som trengs i opplæringa.
- Særleg behov for inntak til eit særskilt utdanningsprogram
Inntak til eit særskilt utdanningsprogram skal kunne betra søkeren sin sjanse for fullføring med yrkes- eller studiekompetanse.

Inntak etter denne fortrinnsretten krev ei sakkunnig vurdering etter § 6-16 i forskrifta. I HFK er det Oppfølgings- og PP-tenesta (OT/PPT) som er sakkunnig instans. Søklar har rett til inntak til det

¹ Sjå opplæringslova §3-1 sjetle ledd og forskrift til opplæringslova § 6-15

bestemte utdanningsprogrammet på Vg1 dersom søkjar har valt på grunnlag av, og i samsvar med, den sakkunnige vurderinga.

Saksgong i innsøkinga

- Skulen skal melde søkjarane til Opplæringsavdelinga innan 1. oktober 2016 for skuleåret 2017/2018 (meldeskjema)
- Opplæringsavdelinga skal vurdere om meldinga oppfyller vilkåra etter forskrifta. Dersom meldinga oppfyller vilkåra skal Opplæringsavdelinga sende han vidare til OT/PPT for sakkunnig vurdering. Dersom meldinga ikkje oppfyller vilkåra skal Opplæringsavdelinga sende skriftleg melding til skulen med tilråding til rett type inntak (t.d. etter § 6-22, § 6-25 i forskrifta, eller til ordinært inntak)
- OT/PPT skriv sakkunnig vurdering etter §6-16 i forskrifta
- Søkjaren må registrere søknaden på vigo.no og i tillegg sende papirskjema innan 1. februar

Vedlegg til papirskjema

- Sakkunnig vurdering frå OT/PPT etter § 6-16 i forskrifta
- Siste enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1
- Sakkunnig vurdering frå PPT-grunnskule om rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, som gjeld for 10. trinn
- Siste IOP
- Karakterutskrift

Søkjarar i denne gruppa får vedtak om inntak før det ordinære inntaket, i siste halvdel av mai.

Alle i denne gruppa må også søkje om spesialundervisning på <https://iop.hfk.no/> innan 1. februar

B. Søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne § 6-17 2 (Vg1)

Denne fortrinnsretten gir søkjarar som treng omfattande tilrettelegging på vidaregåande skule høve til å søkje på ein skule som er særskilt tilrettelagt. For denne gruppa er organisering av opplæringa viktigare enn val av utdanningsprogram. Merk at søkjaren ikkje har rett til inntak på ein bestemt skule.

Det er fire vilkår som må vere oppfylt for å kunne søkje med denne fortrinnsretten:

- Vedtak om spesialundervisning
- Sterkt nedsett funksjonsevne
- Må på grunn av den sterkt nedsette funksjonsevna ha eit særleg behov for å gå på ein skule som er særskilt tilrettelagt
- Må ha dokumentasjon av dei særlege behova til søkjaren

Det er ikkje behov for ny, eiga sakkunnig vurdering om inntak til vidaregåande skule for denne gruppa søkjarar.

² Sjå forskrift til opplæringslova § 6-17

Innsøking for søkjarar til Vg1

- Skulen skal melde søkjarane til Opplæringsavdelinga innan 1. oktober 2016 for skuleåret 2017/2018.
- Søkjaren må registrere søknaden på vigo.no og sende papirskjema innan 1. februar.

Vedlegg til papirskjema

- Siste enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova §5-1
- Sakkunnig vurdering frå PPT-grunnskule om rett til spesialundervisning etter opplæringslova §5-1, som gjeld for 10. trinn
- Siste IOP
- Karakterutskrift

Søkjarane har rett til inntak til eit av tre utdanningsprogram. Vedtak om inntak kjem i siste halvdel av mai.

Alle i denne gruppa må også søkje om spesialundervisning på <https://iop.hfk.no/> innan 1. februar

Organisering av opplæringa

I HFK kan ein organisere opplæringa for elevar med sterkt nedsett funksjonsevne i to ulike grupper etter opplæringsbehova og etter vedtak om spesialundervisning:

- Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTH (kvardagslivstrening)
Opplæringa er tilrettelagt for elevar med store hjelpebehov og med rett til omfattande spesialundervisning. Målet er at elevane skal få betre kompetanse til å meistre ein framtidig tilrettelagt arbeids-, bu- og fritidssituasjon. Opplæringa skal mellom anna kvalifisere for eit meir sjølvstendig liv. Den sakkunnige vurderinga frå OT/PPT vil vere retningsgjevande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa. Opplæringa er tilpassa den einskilde eleven, og det vil bli utarbeidd IOP. Målgruppa er elevar som har behov for eit varig tilrettelagt omsorgstilbod. Ein kan søkje om inntak til dei utdanningsprogramma som skulen har.
- Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTA (arbeidslivstrening)
For nokre elevar vil det vere aktuelt å få opplæring med mål om kompetanse for å kunne meistre tilrettelagt arbeid på ein ordinær arbeidsplass, eller i ei vekstbedrift. Fylkeskommunen gjer avtalar med vekstbedriftene om kartlegging og utprøving. Den sakkunnige vurderinga frå OT/PPT vil vere retningsgjevande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa. Det vil bli utarbeidd IOP for kvar elev. Ein kan søkje om inntak til dei utdanningsprogramma som skulen har.

Søkjarane har høve til å melde ønskje om slik organisering av opplæringa i papirskjemaet.

Innsøking for søkjarar til 2. og 3. år

Alle skal søkje elektronisk på vigo.no.

Skulen sender liste over dei elevane som skal halde fram på same skule, same utdanningsprogram og same type gruppe. Dei treng ikkje sende papirskjema, berre elektronisk søknad på vigo.

Dei som skal bytte skule og/eller type gruppe, og ungdommar som ikkje er i vidaregåande skule inneverande år, må i tillegg til elektronisk søknad sende papirskjema (gult skjema).

Ein treng ikkje sende ny søknad om spesialundervisning.

C. Søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk § 6-18³

Søkjar med teiknspråk som førstespråk og med rett til opplæring i eller på teiknspråk etter opplæringslova §§ 2-6 og 3-9, kan søkje om inntak til eit teiknspråkleg miljø. Ein kan søkje på ein knutepunktskule eller om opplæring med tolk på ein ordinær vidaregåande skule (sjå § 6-18 og §§ 6-40 til 6-43 i forskrifta).

Søkjar har rett til eitt av tre valde utdanningsprogram. I HFK er retten til opplæring i og på teiknspråk avgrensa til dei utdanningsprogramma som knutepunktskulen Nordahl Grieg vidaregåande skole og samarbeidsskulane Sandsli, Stend og Slåtthaug vgs gir.

Søknaden krev sakkunnig vurdering etter § 6-41 i forskrifta. Det er OT/PPT som er sakkunnig instans. Skulen gir melding om søkjarar etter § 6-18 til Opplæringsavdelinga innan 1. oktober 2015, og OT/PPT utarbeider ei sakkunnig vurdering dersom vilkåra for inntak til knutepunktskule er oppfylte (sjå forskrift § 6-40 og § 6-18).

Søkjar må føre opp i søknaden om han eller ho ønskjer vidaregåande opplæring på ein knutepunktskule, eller på ein ordinær vidaregåande skule med tolk. Søkjaren må ha valt i samsvar med den sakkunnige vurderinga.

Saksgong i innsøkinga

- Skulen skal melde søkjarane til Opplæringsavdelinga innan **1. oktober** for skuleåret 2017/2018.
- Opplæringsavdelinga sender tilmelding til OT/PPT for sakkunnig vurdering etter forskrift § 6-41
- Søkjaren må registrere søknaden på vigo.no og sende gult papirskjema med vedlegg innan 1. februar

Vedlegg til meldinga

- Sakkunnig vurdering etter § 2-6 i opplæringslova
- Enkeltvedtak om teiknspråkopplæring etter § 2-6 i opplæringslova
- Karakterutskrift

Vedlegg til papirskjema

- Sakkunnig vurdering i samsvar med forskrift § 6-41 i opplæringslova
- Karakterutskrift
- Enkeltvedtak om teiknspråkopplæring etter § 2-6 i opplæringslova
- Evt. enkeltvedtak om spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova
- IOP

³ Sjå opplæringslova § 3-9 og forskrift til opplæringslova § 6-40, §§ 6-18 og 6-31

Butilbod med sosial-pedagogisk oppfølging

Elevar som søker inntak etter § 6-18 og som må flytte heimanfrå for å kunne gå på knutepunktskulen, kan søkje om tilrettelagt butilbod (sjå forskrift § 19-5). Det er ein eigen rubrikk for avkryssing på papirskjemaet og eige søknadsskjema. OT/PPT gjer ei sakkunnig vurdering om behov for butilbod. Eleven må sende eigen søknad om butilbod med grunngjeving. Skjemaet finn ein på HFK si nettside under *Utdanning og Søknad og inntak*:

<http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/utdanning2/vg-skole/filer/soknad-om-sos.ped.-butilbod-skr.pdf>

Hørselshemma søkjarar til Vg1 utan rett etter § 3-9

Hørslehemma søkjarar som ikkje har teiknspråk som førstespråk, men som på grunn av hørselshemminga likevel har behov for opplæring på ein knutepunktskule, kan søkje inntak etter individuell vurdering (sjå forskrift § 6-25).

Vedlegg til papirskjema

- Fråsegn frå søkjaren om bakgrunn for søknaden og plan for vidare skulegang
- Audiogram
- Evt. anna relevant dokumentasjon

Dersom ein søker til eit utdanningsprogram som ein av samarbeidsskulane har, søker ein til denne skulen på Vigo. På papirskjemaet skriv ein Nordahl Grieg vgs.

Innsøking for søkjarar til Vg2/Vg3 på knutepunktskulen

Alle skal søkje elektronisk på vigo.no.

*Skulen sender liste over dei elevane som skal halde fram på same skule, same utdanningsprogram og same type gruppe. Dei treng ikkje sende papirskjema, berre elektronisk søknad på vigo.
Dei som skal bytte skule og/eller type gruppe, og ungdommar som ikkje er i vidaregåande skule inneverande år, må i tillegg til elektronisk søknad sende papirskjema (gult skjema).*

D. Fortrinnsrett for søkjarar med vedtak om utvida tid §§ 6-19, 6-32 4

Elevar som har rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1 har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra dersom eleven treng det for å nå opplæringsmåla. I brev frå Udir 20.06.2014 står det at det er to vilkår for rett til utvida tid:

- At eleven har **rett til spesialundervisning**, og at det ligg føre ei sakkunnig vurdering av eleven sine særlege behov for opplæring utover tre år (sjå opplæringslova kap. 5).
- Eleven må ha **behov for meir tid** i vidaregåande opplæring for å nå opplæringsmåla som er fastsett i IOP. Kravet er at eleven må ha utbytte av meir vidaregåande opplæring. Den sakkunnige vurderinga skal ta stilling til om eleven vil ha utbytte av utvida tid for å nå opplæringsmåla.

⁴ Sjå opplæringslova § 3-1, 5. ledd og forskrift til opplæringslova §§ 6-19 og 6-32

Retten gjeld også elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk etter opplæringslova § 3-9, eller rett til opplæring i punktskrift etter opplæringslova § 3-10. For desse elevgruppene gjeld ikkje kravet om å oppfylle vilkåra for spesialundervisning.

Du finn meir informasjon på HFK si nettside:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/opplaringsrett/>

Søkjaren må ha vedtak om utvida tid for å kunne søkje på vigo om skuleplass komande år.

Eleven søker *berre* elektronisk på vigo.no, og får vedtak om inntak i siste halvdel av mai.

2. Individuell behandling

Forskrift til opplæringslova kapittel 6 identifiserer nokre søkjarar som ikkje kan konkurrere med karakterar i inntaket. Ein skal ikkje rekne ut poeng, men inntaket skal skje ut i frå ei individuell behandling (sjå forskrift til opplæringslova §§ 6-22 til 6-26).

I denne gruppa er det tre søknadskategoriar:

A. Søkjarar til Vg1 som har rett til spesialundervisning og manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga § 6-22 5

Vilkår for denne søknadskategorien er vedtak om spesialundervisning etter §5-1 i opplæringslova.

Vedlegg til papirskjema

- Siste sakkunnig vurdering frå PPT grunnskule, som gjeld for 10. trinn
- Siste enkeltvedtak om spesialundervisning
- Siste IOP
- Fråsegn frå avgjevarskule om bakgrunn for søknaden og plan for vidare skulegang
- Karakterutskrift

Alle i denne gruppa må også søkje om spesialundervisning på <https://iop.hfk.no/> innan 1. februar

Melding om inntak kjem i samband med det ordinære inntaket i byrjinga av juli.

Søkjarar med mål om grunnkompetanse i ordinær klasse

Innhaldet i undervisninga vil variere etter eleven sine behov og interessefelt. Den vidaregåande opplæringa skal føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse (sjå opplæringslova § 3-3). Ein del ungdomar vil, av ulike årsaker, vanskeleg kunne nå målet om full studie- eller yrkeskompetanse.

Mål om grunnkompetanse betyr at eleven, etter enkeltvedtak om spesialundervisning, får opplæring i einskilde delar av fag/einskilde fag etter gjeldande læreplan. For ein elev som skal ha tilbod om grunnkompetanse skal det utarbeidast individuell opplæringsplan. På den måten skal eleven sikrast

⁵ Sjå forskrift til opplæringslova §§ 6-22

eit kvalitativt dokumentert tilrettelagt opplæringstilbod. I kompetansebeviset vil ein sjå kva mål i læreplanen som er gjennomført og bestått.

Grunnkompetanse skal det kunne leggjast til rette for i alle utdanningsprogram og ved alle skular.

Organisering av undervisning i eiga gruppe (HT)

I HFK kan ein organisere opplæringa i eiga gruppe (HT) etter vedtak om spesialundervisning. Desse gruppene er tenkt til elevar som har rett til spesialundervisning og som i utgangspunktet har mål om grunnkompetanse.

Læring gjennom praksis er ein sentral metode i slike grupper, og det blir lagt stor vekt på sosial læring og anna trening for framtidig arbeid. Elevane kan også få praksis i arbeidslivet.

For nokre elevar kan det vere aktuelt å ha heile opplæringsløpet i gruppa, for andre kan det vere aktuelt å gå over til ordinære grupper på Vg1 eller Vg2. Elevar i eiga gruppe som kan få grunnlag for vurdering med karakter i nokre fag, kan også få høve til det.

Den sakkunnige vurderinga om rett til spesialundervisning frå OT/PPT vil vere retningsgjevande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa til den einskilde. Det vil bli utarbeidd IOP for kvar elev.

Elevane får dokumentert kva delar av læreplanen som er gjennomgått. Dersom det viser seg at eleven i løpet av skuletida klarar full kompetanse, kan opplæringsmålet endrast.

Lærekandidatordning

Elevar som har grunnkompetanse som mål kan bli lærekandidat. Det er eit praktisk utdanningstilbod i Hordaland fylkeskommune. Les meir på HFK si nettside:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/opplaring-i-bedrift/fleire-vegar-til-fagbrev/>

B. Søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt **§§ 6-25 og 6-38 6**

Dette gjeld søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt. Vilkåra er **tungtvegande** grunnar for søknaden, og at søkjar har eit særleg behov for å bli behandla individuelt. Dette kan gjelde elevar som har ein kronisk sjukdom, eller av andre særlege grunnar ikkje har fått karakterar det siste året.

Hørselshemma elevar som ikkje søker inntak etter § 3-9 i opplæringslova, men som har behov for teknisk tilrettelegging og nytte av tolk i knutepunktskule eller i ein samarbeidsskule, kan søkje i denne kategorien.

Elevar med nedsett synsfunksjon kan søkje i denne kategorien.

Vedlegg til papirskjema

- Fråsegn frå avgjevarskule
- Karakterutskrift
- Evt. anna relevant dokumentasjon

Melding om inntak kjem i samband med det ordinære inntaket i byrjinga av juli.

⁶ Sjå forskrift til opplæringslova § 6-25 for Vg1 og § 6-38 for Vg2/Vg3

C. Søkjarar til Vg2/Vg3 med enkeltvedtak om spesialundervisning eller planlagd grunnkompetanse § 6-35 7

Denne gruppa gjeld elevar som får spesialundervisning og ikkje vurdering med karakterar i eitt eller fleire fag, eller som har planlagt eit grunnkompetanseløp. Dei kan bli tatt inn til neste nivå på same utdanningsprogram på grunnlag av individuell vurdering, og etter ei sakkunnig vurdering. Fylkeskommunen gjer ei heilskapleg vurdering om dette er forsvarleg ut i frå faglege føresetnader.

Alle skal søkje elektronisk på vigo.no.

*Skulen sender liste over dei elevane som skal halde fram på same skule, same utdanningsprogram og same type gruppe. Dei treng ikkje sende papirskjema, berre elektronisk søknad på vigo.
Dei som skal bytte skule og/eller type gruppe, og ungdommar som ikkje er i vidaregåande skule inneverande år, må i tillegg til elektronisk søknad sende papirskjema (blått skjema).*

Melding om inntak kjem i samband med det ordinære inntaket i byrjinga av juli.

3. Minoritetsspråklege søkjarar

Dette gjeld minoritetsspråklege søkjarar med enkeltvedtak om særskild språkopplæring, minoritetsspråklege søkjarar som ikkje har samanliknbare karakterar og søkjarar til innføringskurs.

Innsøking til Vg1/ Vg2/ Vg3 §§ 2-8 og 3-12

Hovudregelen er at alle søkjarar konkurrerer seg inn på karakterpoeng. Minoritetsspråklege søkjarar som har enkeltvedtak om særskild språkopplæring i ungdomsskule eller vidaregåande skule skal søkje 1. februar på Vigo (eventuelt på søknadsskjema på papir dersom søkjaren ikkje har personnummer).

Minoritetsspråklege søkjarar frå Innføringskurs/ grunnskule til Vg1 som ikkje har samanliknbart karaktergrunnlag, skal registrere søknaden i Vigo, og sende inn tilleggsskjemaet «Vurderingsskjema for minoritetsspråkleg søkjar til ordinært Vg1». Dette gjeld også dei som manglar vurdering med karakterar i meir enn halvparten av faga (sjå forskrift § 6-23). Innsendingsfrist for dette skjemaet er 15. juni.

Innsøking til Innføringskurs for minoritetsspråklege søkjarar

Søkjarar til Innføringskurs for minoritetsspråklege søkjarar skal i tillegg til registrering i Vigo (eventuelt søknadsskjema på papir dersom søkjaren ikkje har personnummer) sende inn tilleggsskjemaet *Søknad om plass i Innføringskurs*. Innsendingsfrist for dette skjemaet er 15. juni.

Vilkår for inntak (gjeld alle)

- Fullført norsk grunnskuleopplæring eller tilsvarande frå heimlandet (sjå § 6-13 i forskrifta). Kan ein ikkje dokumentere grunnskuleopplæring, skal kommunen avklare om søkjaren har

⁷ Sjå forskrift § 6-35

realkompetanse som kvalifiserer til inntak til vidaregåande opplæring. Dersom ein ikkje har slik kompetanse er det kommunen som må gi grunnskuleopplæring før eleven kan bli tatt inn til vidaregåande opplæring.

- Lovleg opphald i Noreg eller søknad om det. Søkjar som oppheld seg i landet i påvente av opphaldsløyve kan takast inn til vidaregåande opplæring, men har ikkje rett til å fullføre skuleåret dersom ein får avslag på søknaden.

Vedlegg til søknaden

- Dokumentasjon på opphaldsløyve eller kopi av søknad om opphaldsløyve
- Dokumentasjon på grunnskuleopplæring omsett til norsk eller engelsk

Søkjarane vil få svar på søknaden sin i samband med det ordinære inntaket i byrjinga av juli.

Kombinasjonsklasse, 2-årig pilot

Kombinasjonsklassen er eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Det er et tilbud til elevar mellom 16-20 år med kort butid i Noreg som treng litt meir opplæring i norsk og norske grunnskulefag før oppstart på Vg1. Elevane får opplæring i 5 grunnskulefag. Elevane lærer også kva som vert forventa i vidaregåande skule, og får eit godt grunnlag for å gjennomføre og bestå vidaregåande opplæring. Dei får gå på skule saman med elevar i sin eigen aldersgruppe, og vert integrert i miljøet på skulen. Kandidatane får tilbud om 2 år i klassen og vert plukka blant søkjarane til innføringsklassar ved Nygård skole, grunnskule for vaksne. Sidan elevane får tilbud om 2 år i klassen og det starta i 2016, er det berre nokre få ledige plassar for skuleåret 17-18. Målet er at vi skal opprette fleire tilsvarande tilbud i fylket frå skuleåret 2018.

Innføringsklassar

Det blir gitt tilbud om innføringsklassar på desse skulane skuleåret 2017/18:

- Bergen Katedralskole
- Fusa vidaregåande skule
- Odda vidaregåande skule
- Sotra vidaregåande skule
- Stord vidaregåande skule
- Voss vidaregåande skule*
- Øystese gymnas*
- Årstad videregående skole
- Åsane videregående skole

* Har ikkje tilbodet i 2016, men blir gjort søkbare til skuleåret 2017/2018. Andre skular kan bli aktuelle om nødvendig.

Studietilbod som er tilrettelagt for minoritetsspråklege

Studiespesialiserande utdanningsprogram for minoritetsspråklege: Dette tilbodet er tre-årig og finst berre på Bergen Katedralskole.

Helse- og oppvekstfag for minoritetsspråklege elevar: Dette tilbodet finst på Fyllingsdalen videregående skole og Åsane videregående skole. Etter Vg1 søkjar elevane seg vidare til ordinære Vg2 tilbod.

Korleis søkje?

1. Registrer søknad på www.vigo.no og vel rett søknadskategori
2. Fyll ut rett papirskjema:
 - **Fortrinnsrett** (gult skjema)
 - **Individuell behandling** (blått skjema)
 - **Minoritetsspråklege** – (Vurderingsskjema eller søknad om plass i innføringskurs)

Sjå i tabellen (sjekklista) under for val av rett skjema.

Skjema ligg på HFK sine nettsider:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/skjemasamling/>

3. Send inn papirskjemaet og vedlegg i **2 eksemplar** til:

Hordaland fylkeskommune
Inntakskontoret
Postboks 7900
5020 Bergen

4. For dei med behov for spesialundervisning (sjå tabellen nedanfor): Søk på <https://iop.hfk.no>.
Søknadsfrist er 1. februar.

Av omsyn til sakshandsaminga er det viktig at fristen blir halden.

Søknader som blir sendt inn etter fristen skal takast omsyn til så langt råd er, eventuelt handsamast som ein søknad om inntak til det etterfølgjande skuleåret (sjå forskrift § 6-8).

Søknader som kjem etter fristen må legges ved ei særleg grunngjeving for den seine innsendinga.

Når ein frist går ut på ein laurdag eller søndag, må søknaden vere send den næraste etterfølgjande yrkesdagen (sjå forskrift § 6-8).

Sjekkliste: søkjargruppe, papirskjema og vedlegg

SØKNADSKATEGORI	SKJEMA	VEDLEGG	SØKNAD OM SPES.UND
1. Fortrinnsrett (gult skjema)			
A. Til eit særskilt utdanningsprogram på Vg1	Papirskjema om inntak til vidaregåande opplæring for elevar med fortrinnsrett	1. Sakkunnig vurdering frå OT/PPT (forskrift §6-16) 2. Enkeltvedtak om spesialundervisning 3. Sakkunnig vurdering etter § 5-3 4. IOP 5. Karakterutskrift	JA 1.februar
B. Søkjar med sterkt nedsett funksjonsevne	Papirskjema om inntak til vidaregåande opplæring for elevar med fortrinnsrett	1. Enkeltvedtak om spesialundervisning 2. Sakkunnig vurdering etter § 5-3 3. IOP 4. Karakterutskrift	JA 1.februar
C. Søkjar med rett til opplæring i eller på teiknspråk, og inntak til knutepunktskule	Papirskjema om inntak til vidaregåande opplæring for elevar med fortrinnsrett	1. Sakkunnig vurdering frå OT/PPT (forskrift § 6-41) 2. Karakterutskrift 3. Evt. sakkunnig vurdering 4.Ev. enkeltvedtak om spesialundervisning 5. Enkeltvedtak om teiknspråkopplæring	NEI
D. Søkjar med vedtak om utvida tid		INGEN	NEI
2. Individuell behandling (blått skjema)			
A. Vg1 søkjar med rett til spesialundervisning og som manglar vurdering med karakter i meir enn	Papirskjema om inntak til vidaregåande opplæring etter individuell behandling	1. Enkeltvedtak om spesialundervisning 2. Sakkunnig vurdering etter § 5-3 3. IOP 4. Fråsegn frå	JA 1.februar

halvparten av faga.		avgjevarskule 5. Karakterutskrift	
B. Andre særlege grunnar	Papirskjema om inntak til vidaregåande opplæring etter individuell behandling	1. Fråsegn frå avgjevarskule 2. Karakterutskrift 3. Anna relevant dokumentasjon.	NEI
C. Vg2/ Vg3 søkjar med enkeltvedtak om spesialundervisning eller planlagd grunnkompetanse	Papirskjema om inntak til vidaregåande opplæring etter individuell behandling <i>OBS! Berre ved endring av skule/program</i>	Fråsegn frå avgjevarskule	NEI
3. Minoritetsspråklege søkjarar			
A. Søkjarar til innføringskurs.	Søker i Vigo	1. Dokumentasjon på opphaldsløyve eller kopi av søknad 2. Dokumentasjon på grunnskuleopplæring 3. Papirskjema <i>Søknad om plass i innføringskurs</i>	NEI
B. Minoritetsspråklege søkjarar utan samanliknbare karakterar (t.d. søkjarar frå innføringskurs)	Søker i Vigo	1. Dokumentasjon på opphaldsløyve eller kopi av søknad 2. Dokumentasjon på grunnskuleopplæring 3. <i>Vurderingsskjema for min.språklege søkjarar til ordinært VG1-kurs</i>	NEI
C. Minoritetsspråklege søkjarar som manglar karakterar i meir enn halvparten av faga.	Søker i Vigo	1. Dokumentasjon på opphaldsløyve eller kopi av søknad 2. Dokumentasjon på grunnskuleopplæring 3. <i>Vurderingsskjema for min.språklege søkjarar til ordinært VG1-kurs</i>	NEI

Inntakskontoret har i avgrensa grad tid til å kontakte søkjar/innsøkjande instans for å hente inn tilleggsopplysningar. Det er difor søkjar som må syte for, og har ansvaret for, at nødvendige og tilstrekkelege opplysningar følgjer søknaden.

Søknad om spesialundervisning

Elevar som må søkje om spesialundervisning innan 1. februar er nemnt i dei ulike søkjargruppene ovanfor. Ein skal søkje på: <https://iop.hfk.no>.

Søknadane går direkte til Opplæringsavdelinga. Opplæringsavdelinga vil distribuere søknadane til rett skule når inntaket er ferdig.

Elevar som har søkt om spesialundervisning saman med inntaket og som har sakkunnig vurdering frå grunnskulen om behov for spesialundervisning, skal få eit tidsavgrensa vedtak om spesialundervisning ved skulestart.

Det går fram av sjekklista s. 11-13 kva elevar som skal søkje om spesialundervisning saman med søknad 1.februar. Dei andre kan søkje om spesialundervisning etter skulestart, etter kartlegging og vurdering av skulen. Detaljert informasjon om dette finn du på HFK si nettside:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/soknad-om-spesialundervisning/>

Kva utdanningsprogram kan ein søkje?

Yrkesfaglege utdanningsprogram

- Bygg- og anleggsteknikk - BA
- Design og handverk/ medieproduksjon - DH
- Elektrofag - EL
- Helse- og oppvekstfag - HO
- Naturbruk - NA
- Restaurant- og matfag - RM
- Service og samferdsel - SS
- Teknikk og industriell produksjon – TP

Studieførebuende utdanningsprogram

- Idrettsfag – ID
- Kunst, design og arkitektur- KD
- Medier og kommunikasjon- MK
- Musikk, dans og drama – MD
- Studiespesialisering- ST

Ein har rett til å søkje på alle utdanningsprogramma som den enskilde skule har.

Oversyn over kva skular som har dei ulike utdanningsprogramma til Vg1 skuleåret 2016-17.

Endringar for skuleåret 2017-18 blir vedtatt i desember -16. Sjå søkjarkatalogen skuleåret 2017-2018 .

Skulennr	Skulenamn	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TP	ID	KD	MK	MD	ST
12049	Amalie Skram vgs							X				X		X
12051	Arna vgs	X			X							X		X
12053	Askøy vgs	X		X	X				X					X
12061	Austevoll vgs				X	X			X					X
12090	Austrheim vgs	X		X	X				X					X
12055	Bergen Katedralskole													X
12056	Bergen maritime vgs			X					X					
12010	Bømlo vgs				X			X						X
12011	Fitjar vgs		X		X		X							
12040	Fusa vgs				X	X	X		X		X			
12062	Fyllingsdalen vgs				X								X	X
12093	Knarvik vgs	X	X	X	X			X	X					X
12020	Kvinnherad vgs	X		X	X			X	X					X
12066	Laksevåg vgs	X		X					X			X		X
12067	Langhaugen vgs												X	X
12084	Nordahl Grieg				X							X		X

	vgs													
12031	Norheimsund vgs			X	X				X					
12021	Odda vgs	X		X	X				X	X				X
Skulnr	Skulenamn	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TP	ID	KD	MK	MD	ST
12070	Olsvikåsen vgs				X						X			X
12041	Os gymnas													X
12042	Os vgs	X		X	X			X	X					
12071	Osterøy vgs			X	X				X					X
12012	Rubbestadnes vgs			X					X					
12072	Sandsli vgs						X							X
12073	Slåtthaug vgs	X		X	X				X					
12075	Stend vgs					X		X		X				
12074	Sotra vgs	X	X	X	X		X	X	X	X				X
12013	Stord vgs	X		X					X	X		X	X	X
12081	Tertnes vgs							X			X			X
12080	U.Pihl vgs									X				X
12033	Voss gymnas				X			X		X	X		X	X
12039	Voss vgs	X		X		X	X		X					
12037	Øystese gymnas													X
12083	Årstad vgs		X	X	X		X		X		X	X		X
12082	Åsane vgs	X		X	X		X		X					

På vigo.no vil alle tilbud på den enskilde skule vere oppdatert.

Organisering i mindre grupper skuleåret 2016/2017

Tilbudet kan bli endra etter innsøking. Det kan verte oppretta grupper når det er elevgrunnlag for det, derfor varierer tilbudet frå år til år.

Skulnr	Skulenamn	HT-gruppe	HTA-gruppe	HTH-gruppe
12049	Amalie Skram vgs	SS		
12053	Askøy vgs	BA, TP	BA, HO	HO
12090	Austrheim vgs			
12061	Austevoll vgs		NA	
12010	Bømlo vgs		SS	HO
12040	Fusa vgs		HO, NA, RM	HO
12062	Fyllingsdalen vgs	TP	ST	
12093	Knarvik vgs	BA, SS, TP	BA, SS	DH
12020	Kvinnherad vgs		ST	ST
12066	Laksevåg vgs	BA, TP	MK, ST, TP, BA	BA, MK, ST
12084	Nordahl Grieg vgs		HO, MK	
12021	Odda vgs		TP	HO
12070	Olsvikåsen vgs	HO, RM	RM	HO
12042	Os vgs	BA, TP	BA, TP, SS, HO	HO
12071	Osterøy vgs		TP, HS	TP
12072	Sandsli vgs	RM		
12073	Slåtthaug vgs	BA, TP		
12075	Stend vgs	NA, SS	NA	NA
12074	Sotra vgs	RM	BA, DH, RM	HO
12013	Stord vgs	BA, TP	BA, ST, TP	ST
12080	U. Pihl vgs		ST	
12039	Nye Voss vidaregåande	BA, NA, TP, RM	HS, RM, NA	HS, RM, NA
12037	Øystese gymnas		ST	ST
12083	Årstad vgs	DH, HO, RM, TP	DH, RM, HO	HO
12082	Åsane vgs	HO, TP		HO

Nyttig informasjon

- Papirskjema finn du på:
<http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/skjemasamling/>
- Informasjon om spesialundervisning:
<http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/soknad-om-spesialundervisning/>
- Informasjon om vidaregåande opplæring:
 - <https://www.vigo.no>
 - <http://www.vilbli.no/>

Spørsmål i samband med inntak med frist 1. februar kan rettast til Inntakskontoret, tlf. 55 23 94 60.